



NAUTESUND CAMPING OG HYTTER Vangsnes  
Fensfjordvegen 1233  
NO 5986 HOSTELAND

## Vi innvilgar søknaden om samtykke

Saka gjeld Masfjorden - Gnr/bnr 3/4 - Fensfjordvegen 1233 - søknad om samtykke.

Vi viser til søknad av 20.10.2021 om samtykke etter arbeidsmiljøloven § 18-9. Vi fekk søknaden frå BYGGMESTER BJØRN RUNE KVINGE AS på vegner av NAUTESUND CAMPING OG HYTTER Vangsnes. Vi viser vidare til vårt brev, Vi treng fleire opplysningar for å behandle søknaden- Varsel om avslag på søknad datert 26.11.2021 og mottekne tilleggsopplysningar av 17.12.2021.

Søknaden omfattar tiltakstype Nytt bygg - ikke boligformål over 70 m<sup>2</sup> og bygningstype Restaurant- og kafébygning.

Bruksareal (BRA) for tiltaket er 276,3 m<sup>2</sup>.

Tiltaket vil innehalde lager, snekkarverkstad/museum og restaurant.

Det vil vera to fast tilsette som skal nytta lokala.

Vi har vurdert saka på grunnlag av dokumentasjonen de har sendt oss:

- 1 Søknad om samtykke
- 2 5177n-soknad-om-samtykke-fra-arbeidstilsynet-signed.pdf
- 3 Forhåndsvisning Søknad om tillatelse.pdf
- 4 Vedlegg L 1-signed.pdf
- 5 Vedlegg L 2 signed.pdf
- 6 Teikningar arbeidstilsynet.pdf
- 7 Tilleggsopplysningar
  - Reviderte teikningar
  - Ventilasjonsplanar

## Vedtaket til Arbeidstilsynet

Arbeidstilsynet gir med heimel i arbeidsmiljølova § 18-9 samtykke til planane.



Samtykke blir gitt på bakgrunn av dei opplysningane og planane som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykket er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen. At Arbeidstilsynet gir samtykke til planane, betyr ikkje at tilsynet går god for at alle krav til det fysiske arbeidsmiljøet er tatt vare på. Det er tiltakshavaren/arbeidsgivaren som har ansvaret for at lover/krav i forskrift blir følgde, og at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande under bruk.

## Vurderinga til Arbeidstilsynet

Vi vurderer blant anna at desse forholda er tatt hand om i tråd med krava:

- Terskelfri tilkomst til bygg
- Ventilasjon
  - Det kjem ikkje tydeleg fram at det er undertrykk i eks. rom for reinhaldsutstyr. Det er viktig at dette vert teke omsyn til ved innregulering.
- Romhøgde
- Rom for reinhaldsutstyr
- Eterom/pauserom
- Tilrettelegging for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne
- Det er tilkomst for tilsette med nedsett funksjonsevne i hovudetasje. Personalrom er ikkje tilrettelagd.
  - Krav til tilrettelegging for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne er heimla i arbeidsmiljøloven § 4-1 femte ledd som stiller krav om at tilkomstvegar, sanitæranlegg, arbeidsutstyr og liknande skal så langt det er mogleg og rimeleg, vere utforma og innretta slik at arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne kan arbeide i verksemda.

Dei særskilde krava til tilrettelegging for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne står i arbeidsplassforskriften § 2-4 og er supplert av kommentardelen til forskrifta. Det må leggast særleg vekt på tilrettelegging (universell utforming) som varetar arbeidstakarar med blant anna nedsett rørsleevne, syns- og orienteringshemmingar og høyrselshemming. Dette gjeld ved både nybygging, ombygging og bruksendring.

Målet med kravet er at alle arbeidstakarar med funksjonshemming skal ha tilgang til alle arbeidsplassane og arbeidslokala i verksemda. Dette betyr at det må vere trinnlause tilkomstar, heis eller annan mekanisk persontransport, og at eterom, garderobar, handikaptalett osv. er tilstrekkeleg dimensjonert og innreidd.

Hovudregelen er at det skal vere heis i alle arbeidsbygg med fleire etasjar. Ei eventuell tilrettelegging for montering av heis på eit seinare tidspunkt blir normalt ikkje akseptert.

Tilretteleggingskravet gjeld så langt det er mogleg og rimeleg å tilrettelegge, og må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Det er opna for unntak i særskilde tilfelle.

I dette bygget er personalrom plassert i 3. etasje via trapp og desse romma er ikkje tilrettelagt for arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne. Ut frå storleiken til bygget,



driftsform, talet på tilsette og arbeidet som skal utførast, vil det vera lite sannsynleg at det vil vera tilsette med nedsett funksjonsevne i verksemda. Vi vil etter ei rimelegvurdering difor ikkje leggja avgjerande vekt på tilrettelegging i denne saka.

- Garderobar, toalett og dusj for arbeidstakarar
  - Krav til garderobar  
Arbeidsplassforskriften § 3-2 stiller generelle krav til korleis personalrom skal dimensjonerast og innreiast. Forskrifta seier blant anna at det skal takast omsyn til typen arbeid (bokstav a)
    - at verksemda skal kunne sysselsette både kvinner og menn (bokstav d)Særskilde krav til garderobar står i § 3-4 i forskrifta og er supplert av kommentardelen i forskrifta, andre aktuelle føresegner i forskrifta og rettleiingar.
  - Krav til toalett  
Arbeidsplassforskriften § 3-2 stiller generelle krav til korleis personalrom skal dimensjonerast og innreiast. Forskrifta seier blant anna at det skal takast omsyn til at verksemda skal kunne sysselsette både kvinner og menn (bokstav d)  
Særskilde krav til toalett står i arbeidsplassforskriften § 3-7 og er supplert av kommentardelen i forskrifta, andre aktuelle føresegner i forskrifta og rettleiingar.
  - Krav til dusj  
Arbeidsplassforskriften § 3-2 stiller generelle krav til korleis personalrom skal dimensjonerast og innreiast. Særskilte krav til dusj står i arbeidsplassforskriften § 3-6 og er supplert av kommentardelen i forskrifta, andre aktuelle føresegner i forskrifta og rettleiingar. Det er stilt krav til tilstrekkelege og eigna dusjar dersom arbeidet eller helsemessige forhold krev det. Dusjane skal vere tilknytt garderobane.

Med bakgrunn i talet på tilsette i bygget har vi vurdert at felles garderobe, dusj og toalettløysing vil oppfylle krava.

Meir informasjon om krava finn de her [www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke](http://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke).

## Kommunen kan gi igangsetjingsløyve når samtykket vårt er gitt

Kommunen kan gi igangsetjingsløyve når Arbeidstilsynets samtykke finst, jf. plan- og bygningsloven §§ 21-4 og 21-5.

Vi sender derfor kopi av dette brevet til MASFJORDEN KOMMUNE for å gjere merksam på at de har fått samtykke frå Arbeidstilsynet etter arbeidsmiljøloven § 18-9.

## De må betale gebyr

Tiltakshavaren skal betale eit gebyr for Arbeidstilsynet si saksbehandling. Vedtaket om gebyr er heimla i arbeidsplassforskriften § 9-1 og forskrift om administrative ordningar § 14-1.



Gebyrsatsane er avhengige av typen tiltak og storleiken på bygget. Les meir om korleis vi reknar ut gebyret, på [www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/gebyr-for-behandling-av-byggesaker](http://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/gebyr-for-behandling-av-byggesaker).

Ut frå opplysningane i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 2b og fastsatt gebyret til kr 4221,-.

Vi sender faktura til oppgitt fakturamottakar NAUTESUND CAMPING OG HYTTER Vangsnes, Fensfjordvegen 1233, 5986 HOSTELAND via Statens innkrevjingsentral. Fristen for å betale vil vere om lag fire veker. Om gebyret ikkje blir betalt innan fristen, blir kravet drive inn med tvang. Då kjem det tilleggsgebyr attåt.

## De kan klage

De kan klage på dette vedtaket, jf. forvaltningsloven § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får vedtaket. De kan ikkje reise søksmål før klageretten er prøvd, jf. forvaltningsloven § 27b.

Meir informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klaging, retten til å sjå dokumenta i saka og søksmål finn de på [www.arbeidstilsynet.no/klage](http://www.arbeidstilsynet.no/klage).

## Gi informasjonen vidare til arbeidsmiljøutvalet, verneombodet eller tilsettrepresentanten

Arbeidsgivaren skal sjå til at arbeidstakarane tar del i samtykkebehandlninga. Arbeidsmiljøutvalet og verneombodet har formelle roller som skal sikre slik deltaking. Vi ber dykk derfor om å gjere arbeidsmiljøutvalet kjent med dette brevet. Dersom verksemda ikkje har arbeidsmiljøutval, ber vi dykk om å gjere verneombodet kjent med dette brevet. Dersom de har avtale om ei anna ordning enn å ha verneombod, skal de gi kopi av brevet til tilsettrepresentanten.

Dersom tiltakshavaren er utleigaren, skal de gi ein kopi av brevet til alle arbeidsgivarar som er leigetakarar. Dette er for at dei skal kunne orientere sine eigne arbeidsmiljøutval, verneombod eller tilsettrepresentantar.

Sjå arbeidsmiljølova § 7-2 andre ledd bokstav c) og forskrift om organisering, leiing og medverknad § 2-2 tredje ledd bokstav a).

## Meir informasjon?

Meir informasjon om Arbeidstilsynet sitt samtykke og krav til det fysiske arbeidsmiljøet finn de her [www.arbeidstilsynet.no/byggesak](http://www.arbeidstilsynet.no/byggesak).

## Send dokumentasjon via eDialog

Bruk eDialog viss de skal sende oss opplysningar eller svare på dette brevet. Oppgi referansenummer 2021/57805. Les meir om eDialog på [www.arbeidstilsynet.no/post](http://www.arbeidstilsynet.no/post).



**Arbeidstilsynet**

VÅR REFERANSE  
311024/2021

5

Med helsing  
Arbeidstilsynet

Tommy Pedersen  
seksjonsleder

Ellen Meldahl  
seniorinspektør

*Dette brevet er elektronisk signert.*

Kopi til:

BYGGMESTER BJØRN RUNE KVINGE AS  
MASFJORDEN KOMMUNE

Kvingebakkevegen 97  
Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES  
5981 MASFJORDNES